



Arve Samsonsen  
Geitskaret 82  
5109 HYLKJE

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/99 - 16/751

Saksbehandlar:  
Sverre Solberg  
SSO@lindas.kommune.no

Dato:  
11.01.2016

## Samanslåing av to bruksnummer til ein eigedom. Gbnr 193/13, "Bessheim" av Mundal Øvre, Hopsdalsvegen 85, 5915 Hjelmås.

Som det framkjem av vedlagte kartutsnitt, består eigedomen dykkar av fleire bruksnummer.

For å få ein ryddigare eigedom på kartet, kan det ofte vera lurt å slå i hop fleire teigar til ein.

Det har sine fordelar ved bl.a. at nabolister vert meir oversiktlege. Kart og planar likeså.

I enkelte tilfeller ser me også at ved eigarskifte av eigedomar med fleire bruksnummer, vert enkelte gløymt teke med på skøyte til dei nye eigarane. Dette vil i neste omgang skapa ekstra arbeide og kostnader !

**Og ein ting til: Det er fortsatt gratis å slå i hop fleire eigedomar som ligg inntil einannan.**

**OBS:** På den andre sida skal ein også vera klar over at når ein først har slått i hop fleire eigedomar til ein tomt, kan ein ikkje reversera dette i ettertid. Eit bruksnummer som er slått i hop med eit anna, er utgått og kan aldri nyttast meir på garden det ein gong eksisterte på.

Vil ein seinare dela opp at eigedomen sin, vert det med vanleg søknad og til den dagens gebyrer !

Det er nokre kriteria som må vera på plass for å få lov til å slå i hop fleire eigedomar til ein:

1. Det må vera same eigar/eigarar av eigedomane ein ynskjer slå i hop.
2. Det må ikkje vera ulike pengeheftelser på eigedomane som t.d. gjer at det oppstår prioritets-kollisjonar mellom långevarane.

I dette tilfellet er det same eigar av bruk nr 13 og 16 på Mundal Øvre og det er ikkje pengeheftelser på nokon av eigedomane.

Ved å underteikna vedlagte samanslåingsskjema og returnera det til Lindås kommune, vil me matrikkelføra eigedomane ein ynskjer slå i hop og vidaresenda skjema og melding til Tinglysninga på Hønefoss.



Med helsing

Tommy Veland  
avdelingsleiar

Sverre Solberg  
avdelingsingeniør

**Vedlegg:**  
193-13 Vedlegg

